



Eilin Houlison

Molvik

### **Emne: Uttale dispensasjon frå byggegrense og avstandskrav til offentleg leidningsnett - gbnr 239/119 Eknes Ytre**

Teknisk drift syner til førespurnad om uttale vedkomande dispensasjon frå byggegrense og avstandskrav til offentleg leidningsnett – gbnr 239/119 – Eknes Ytre.

Teknisk drift har vurdert søknaden. Privat avkjørsle frå regulert kommunal veg er ikkje opparbeida iht reguleringsplan. Dette er ei av manglane som gjer at regulert kommunal veg, per dags dato, ikkje er overteke av kommunen. Teknisk drift forholder seg til reguleringsplan.

- Mellom regulert vegkant og tiltak skal det være eit grøfteareal på minimum 1,0m. Dette betyr at minste avstand frå regulert vegkant og tiltak skal være minimum 1,0m.
- Minste avstand mellom tiltak og kum i grøft (etter reguleringsplan) skal være minimum 1,0m.
- Tiltak skal være plassert utanfor siktsone til regulert privat fellesveg.
- Tiltaket skal være forsvarleg fundamentert slik at det ikkje er fare for utrasing av mur ved arbeid på kommunalteknisk anlegg.
- Teknisk drift fråseier seg alt ansvar for skade som oppstår på tiltak under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg. Dersom det oppstår skade på tiltaket som følgje av plassering i forhold til kommunalteknisk anlegg, er dette kommunen uvedkomande. Eigar av mur må sjølv sørge for og påkoste utbetring av eventuelle skader.
- Tiltakshavar må sørge for å undersøke om andre aktører har kabler/leidningar liggande i veg/veggrøft og innhente eventuelle dispensasjoner for avstandskrav til disse.

Det er Veglova § 29 og §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», vegnormal N100 og «Standard abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser» som gjev heimel for at Teknisk drift, VVA, skal setje krav til tiltak langs kommunalteknisk anlegg ( kommunal veg og leidningsnett).

Linda Folkestad